



Valfri kvalitet

■ Det er ikkje mange år sidan studentar sat både på tredje og fjerde året med hovudfaget sitt. Alle som med jamne mellomrom gjekk innom hovudfagslesesalane på universiteta, merka at det til tider var svært lita utskifting.

■ Somme hadde så store ambisjonar at oppgåvene i dag greitt hadde passert som doktorgrad. Andre kom aldri skikkeleg i gang. Det var få fristar og krav å halda seg til, så kvifor ikkje venta til neste semester? Hovudfagsstudentane skulle vera sjølvdrivne og Lånekassa vart den einaste som med autoritet kunne seia at tida var brukt opp.

■ Kvalitetsreforma, som fekk si evaluering denne veka, har fått slutt på dette. Tid, tempo og gjennomstrøyming er i fokus. Det er mykje bra med det. Det er naivt å tru at grosset av studentar kan ta ansvar for eiga læring og framdrift slik det tidlegare var lagt opp til.

■ Men kravet om gjennomstrøyming har òg ført til lågare kvalitet. Kortare studietid, frå seks til fem år, er éin ting. Verre er det at honoreringssystemet som gjev institutta pengar for kvar student som står til eksamen, gjer at terskelen for å stryka studentar har vorte høgre. Og universiteta og høgskulane opprettar nye emne og studium for å trekkja til seg flest mogeleg studentar – ofte på kostnad av kjernedisiplinane i faga. Den store valfridomen kan dessutan få studentane til å gjera det lett for seg og velja bort meir krevjande emne.

■ Det er no langt mindre felles grunnpensum på dei fleste faga. Difor kan ikkje lærarane rekna med like gode grunnkunnskapar som før, og undervisinga må ofte byrja på innføringsnivå. Til dømes gav forprøva i lingvistikk, som før var inngangsporten til språkstudia, studentane eit felles omgrepsapparat. I det nye systemet har forprøva vorte valfri og språkprofessorane lyt byrja frå grunnen av og forklara studentane skilnaden på subjekt og substantiv. Det svarar vel ikkje nett til målet om «kvalitetsreform».

Svein Gjerdåker